



Fjord1 AS  
Strandavegen 15

6900 FLORØ  
Att: Dagfinn Neteland / Anne-Mari Sundal Bøe

Ikkje offentleg  
Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument

Sendt kun per e-post:

[dagfinn.neteland@fjord1.no](mailto:dagfinn.neteland@fjord1.no)

[anne.mari.sundal.boe@fjord1.no](mailto:anne.mari.sundal.boe@fjord1.no)

[post@fjord1.no](mailto:post@fjord1.no)

## OM VEDTAK I FYLKESTINGET I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

23. november 2015 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane sal av 50 % av fylkeskommunen sine aksjar i F1 Holding AS, som eig 59 % av aksjane i Fjord1 AS, til Torghatten ASA. Avtaleverket med Torghatten inneheld som kjent ein opsjon på kjøp og sal av dei resterande 50 % av aksjane i F1-Holding AS. Vedtaket frå fylkestinget lyder slik:

1. *"Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.*
2. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.*
3. *Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering."*

Som hovudaksjonær i Fjord1 gjennom F1 Holding reknar fylkeskommunen og generalforsamlinga i F1 Holding med at leiinga i Fjord1 og våre utpeika/valde representantar i Fjord1-styret bidrar til å følgje opp vedtaket i fylkestinget.

Vi vil gjennom dette brevet oppmode leiinga i Fjord1 og våre representantar i styret i Fjord1 om å medverke til å foreta dei handlingar som er naudsynte for å signere aksjesalsavtalen som er forhandla fram med Torghatten og tilsvarande medverke til gjennomføring av aksjesalet. Dette vert nærare utdjupa i det følgjande.

For det fyrste ber vi om at fylkeskommunen sine rådgjevarar i Wiersholm og DHT får uhindra tilgang til å kommunisere med administrasjonen i Fjord1. I den samanheng ber vi om at ein kan ha direkte dialog med selskapet og at kommunikasjon ikkje nødvendigvis må skje gjennom Fjord1 sin advokat. Dette for å oppnå ein så effektiv prosess som mogleg.

Vidare haster det med gjennomføring av ein selskapsgjennomgang (due diligence) slik at Torghatten eller deira rådgjevarar kan få tilgang til den informasjonen som Torghatten treng innsyn i. Det er Fjord1 som må frigi slik informasjon.

Fjord1 har tidlegare uttala at dei ikkje vil kunne gje tilgang til den mest sensitive informasjonen når det ikkje har vore klart om fylkeskommunen ville selje aksjane og det heller ikkje har vore




klart kven som får kjøpe aksjane. Fylkestinget har no gjort sitt vedtak og desse forholda skulle difor vere tilstrekkeleg avklara.

Rådgjevarane våre har også behov for bistand frå leiinga i Fjord1 når det gjeld slutføringa av avtaleverket med Torghatten. Dette gjeld særleg garantikapitlet i aksjesalsavtalen pkt. 8. Vi ber her leiinga i selskapet aktivt medverke til slutføringa av avtaledokumentasjonen.

Fylkeskommunen og F1 Holding vil i eit seinare brev kome attende til korleis vi forventar at leiinga og styret i Fjord1 etterlever avtaleverket som er forhandla frem med Torghatten.

Med vennleg helsing,  
for Sogn og Fjordane fylkeskommune og generalforsamlinga i F1 Holding AS



Jenny Følling, fylkesordfører



Tore Eriksen  
representant for generalforsamlinga i F1 Holding AS